

# Utgreiing om aktsemdsvurderingar etter openheitslova 1.7-31.12.2022


## Innleiing

Utgreiing om aktsemdsvurderingar er utarbeida av Voss Veksel- og Landmandsbank ASA (Vekselbanken) i samsvar med openheitslova § 5.

## Produkt, tenester, marknadsområde og organisering

Vekselbanken er børsnotert og driv bankverksemd. Banken tilbyr produkt og tenester som ivaretek behova for både privat- og næringskundar. Dei mest vanlege produkta banken tilbyr er daglegbank, betalingsformidling, sparing og plassering, innskot, utlån og forsikring. I tillegg tilbyr banken forsikring og fondssparing gjennom samarbeidande selskap i Eika Alliansen. Marknadsområdet er i hovudsak Voss herad og ikring liggjande kommunar. Banken har kontor i Voss sentrum, og har 21 tilsette.

Banken sitt organisasjonskart ser slik ut:



Banken sitt øverste organ er generalforsamlinga.

Dei største aksjonærane i banken per 31.12.2022 er Voss Sparebank, MP Pensjon PK, August Ringvold Agentur AS, VPF Eika Egenkapitalbevis og Bergen Kommunale Pensjonskasse. Ingen aksjonærar eig meir enn 10 % av aksjane. Oversikt over dei 20 største aksjonærane går fram av kvartals- og årsrapportane til banken. Desse rapportane ligg offentleg tilgjengeleg på banken si heimeside og er publisert på Oslo Børs.

Banken er ein del av Eika Alliansen. Eika Alliansen består av alliansebankane, konsernet Eika Gruppen og selskapet Eika Boligkreditt, som er heileigd av alliansebankane. Konsernet Eika Gruppen består av morselskapet Eika Gruppen AS, og dotterselskapa Eika Forsikring, Eika Kredittbank, Eika Kapitalforvaltning og Aktiv Eiendomsmeistring. Eika Gruppen si kjerneverksemd er å syta for at lokalbankane har moderne og effektiv bankdrift gjennom gode og effektive produktleveransar, inkludert å syta for innkjøp på vegne av bankane i alliansen. Eika Boligkreditt er alliansebankane sitt kredittføretak, med konsesjon til å utferda obligasjonar med fortrinnsrett (OMF). Hovudføremålet er å sikra bankane tilgang til langsiktig og konkurransedyktig finansiering.

## **Banken sine rutinar for menneskerettar**

Vekselbanken står fullt opp om og respekterer grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve i vår verksemd, og forventar tilsvarende hjå våre leverandørar og forretningssamband.

Dette framgår av dei etiske retningslinjene våre, retningslinjer for etiske investeringar og stadfesting av våre leverandørar sitt samfunnsansvar. Banken har styrevedtekte retningslinjer for berekraftig verksemd og samfunnsansvar, og arbeidet med menneskerettar og openheitslova er forankra i styret.

Banken stiller krav og forventningar til våre leverandørar om ivaretaking av menneskerettar, og fylgjer opp innhenting av informasjon frå leverandørar og forretningssamband.

Eika Gruppen syter for fleire større innkjøp på vegne av bankane i alliansen. Styret i Eika Gruppen har vedteke policy for innkjøp og utkontraktering samt oppdatert policy for berekraft med krav om aktsemdsvurderingar av avtalar inngått av Eika Gruppen på vegne av bankane. Eika Gruppen sin policy, metodikk som er nytta ved aktsemdsvurderingar m.v. er tilgjengeleg for banken på Eika Gruppen sine intranettsider. Banken har gjennomgått og kvalitetssikra prosess, metodikk og dokumentasjon i eigne gjennomgangar. Aktsemdsvurderingane er vurdert av banken som av god kvalitet.

Alle tilsette er kjent med banken sine rutinar etter openheitslova. Banken har få tilsette, korte linjer og god informasjonsflyt.

Banken har tidlegare ikkje vore omfatta av openheitslova.

## **Varsling**

Internt kan tilsette varsla om tilhøve som kan avdekka negative konsekvensar eller vera kritikkverdige gjennom eigen rutine for «uynskte hendingar», eller gjennom verneombod, tillitsvalde eller leiinga i banken. Banken har styrevedtekte Retningslinjer for varsling av kritikkverdige tilhøve.

Banken har oppnemnd eit eige personvernombod, og kontaktinformasjon til personvernombod er å finna på banken si nettside [www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)

Banken har også gjort tilgjengeleg informasjon på sine nettsider om korleis eksterne klagar kan sendast til banken på eige skjema.

## Banken sine aktsemdsvurderingar

Banken innhenta i 2022 eigenerklæring om leverandøråtfærd frå våre største leverandørar og forretningssamband.

Risikoen for at banken bidreg til brot på grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidstilhøve vert vurdert som låg. Det same gjeld risikoen som banken er direkte knytt til gjennom leverandørkjede og forretningssamband (jf. openheitslova § 3 d og e).

Banken har relativt sett få leverandørar og forretningssamband.

Banken gjennomfører årlege medarbeidarundersøkingar. Resultata frå desse vert nytta aktivt i vidareutvikling av arbeidsmiljø.

Banken sine aktsemdsvurderingar har så langt ikkje avdekka faktiske negative konsekvensar eller vesentleg risiko for negative konsekvensar. Det er såleis ikkje iverksett særskilde tiltak ut over den generelle oppfylgjinga av leverandørar og forretningssamband som skildra.

## Tiltak

Banken vil vidare fylgja opp tiltaket med eigenerklæring om leverandøråtfærd, og starta arbeidet med å gjera ei kartlegging av kven av våre leverandørar og forretningssamband som er miljøsertifiserte.

Voss, 27. juni 2023

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

  
Stein Kvarekvål  
Styreleiar

  
Marita Østrem

  
Olav Seim

  
Hege Solbakken

  
Solfrid Dagestad Midttun  
Tilsette sin repr.



Stig Gunnar Røthe  
Adm. banksjef